

**AVTALE MELLOM FEDJE KOMMUNE OG _____ KOMMUNE
KJØP AV GJESTEPLASSAR VED FEDJE SJUKEHEIM**

Avtalen gjeld kjøp av plass i institusjon ved Fedje sjukeheim for innbyggjarar i _____ kommune som har vedtak om institusjonsplass heimla i Lov om kommunale helse og omsorgstjenester § 3-2 pkt.6.

1. Ansvarsfordeling:

_____ kommune fattar enkeltvedtak om plass, og bestemmer lengda på opphaldet. Brukar vert orientert om at det er kjøpt plass til vedkomande ved Fedje Sjukeheim.

Fedje kommune tilbyr plass som samsvarer med _____ kommune sitt vedtak. Dersom brukar har spesielle behov må dette avklarast med Fedje kommune på førehand. Kopi av vedtak, sjukepleier rapport, epikrise og medisinsliste skal sendast til Fedje før gjesteopphaldet tek til.

2. Tal plassar: Avtalen gjeld kjøp av 1 plassar.

3. Avtaleperiode:

Avtalen gjeld i perioden f.o.m. _____ t.o.m. _____

4. Oppgjær:

Pris pr. døger er kr. 2.200,- pr. plass.

I denne prisen inngår dei tenester som er omfatta av § 7 i "Forskrift for vederlag for opphold på institusjon m.v. av 25.april 1995", med dei unntak som går fram av pkt 5 i denne avtalen.

_____ kommune sender faktura etterskotsvis kvar månad.

5. Ikkje med i prisen:

- a. Tannbehandling som ikkje vert dekkja av Folketrygda.
- b. Fotpleie og frisør.
- c. Praktisk og økonomisk ansvar i samband med innskriving og utskrivning av institusjon ligg hjå _____ kommune.
- d. Utgifter til transport og fylje til undersøking og behandling utanfor institusjonen.
- e. Utgifter til medisinsk behandling som går ut over gjennomsnittleg forbruk for ein sjukeheimspasient i regionen.

6. Utskriving: Dersom lengda på opphaldet ikkje er fastsett ved innskriving, skal varsel om utskrivning gjevast til institusjonen 1 veke før utskrivingsdato.

7. Anna:

Hjelpemiddel og anna personleg utstyr som pasienten har bruk for skal fylja vedkommande ved innskriving. Det er ynskjeleg at klede vert merka og at pasienten har oversikt over eigendelar som er med ved innskriving.

Avtalen er skriven i 2 eksemplar. Partane har kvar sitt.

For _____ kommune

_____, _____

For _____ kommune

For Fedje kommune

Fedje, _____

For Fedje kommune